



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd

Onsdag 2. oktober 2019 kl.18.00

Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunerepresentant (ordførar) Tarjei Gjelstad
I.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn
Kyrkjeverje Kristen Salmelid

Fråfall: Inger Lise Berge, Hanne Roholdt og (ordførar) Tarjei Gjelstad
Som kommunerepresentant møtte Bjørn Nordskog.
Ord for dagen ved Møyfrid
Kaffi ved Håkon

Mail kopi innkalling og referat til revisor Hilde Vatnar.
(Referat sendes i tillegg til rådmann Øystein Tveit, kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland og prost Asgeir Sele)

Oversikt over saker:

Sak 60/19, SR/FR	Innkalling og saksliste
Sak 61/19, SR/FR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 21.08.19
Sak 62/19, SR/FR	Post og meldingar
Sak 63/19, FR	Rekneskapsrapport jan-august 2019
Sak 64/19, SR	Kyrkjevalet 2019 Resultat og erfaringar
Sak 65/19, SR	Gudstenesteliste 2020
Sak 66/19, SR/FR	Evaluering av soknerådsperioden 2015-2019
Sak 67/19, SR	Kyrkjelydsbasar 2019
Sak 68/19, SR/FR	Eventuelt

Sak 60/19, SR/FR	Innkalling og saksliste	HB
<p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 25.09.2019 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
Sak 61/19, SR/FR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 21.08.19	HB
<p>Forslag til VEDTAK: Referatet frå møtet 21.08.2019, sendt ut på mail 27.08.2019, vart godkjend.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
Sak 62/19, SR/FR	Post og meldingar	KS
<ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om gjennomførte og komande arrangement(<i>med kursiv er ferdig</i>) <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Formiddagstreff 25. september kl. 11</i> b. <i>Gullkonfirmantfest 29. september. <u>31 gullkonfirmantar møtte. Grunna det store talet vart festen flytta frå Kyrkjestova i Brunkeberg til Misjonshuset i Kviteseid. Jørgen Moen leia.</u></i> c. <i>Felleskyrkjeleg songmøte søndag 29. september i Kviteseid kyrkje. Tilreisande songar var Arvid Pettersen med band. Fredheimkoret deltok og.</i> d. <i>Medarbeiderfest 17. oktober kl 18-21 på Straand Hotel</i> e. <i>Formiddagstreff 23. oktober kl. 11</i> f. <i>Samling for 5-åringar med utdeling 10. november</i> g. <i>Konsert med Olav Mosdøl og Gunstein Draugedalen 22. november kl. 19.00.</i> h. <i>Soknerådsbasar 30. november kl. 9.30-13.30</i> i. <i>LysVaken 30. november – 1. desember</i> j. <i>Formiddagstreff 11. desember kl. 11</i> k. <i>Adventskonsert 15. desember kl. 18</i> l. <i><u>Adventskonsert i Vrådal kyrkje 5. desember.</u></i> m. <i><u>Ekstra førmiddagstreff 13. nov.</u></i> n. <i><u>Klassisk jolekonsert i Kviteseid kyrkje 8. des. ved Ingri Elise Engeland m.fl.</u></i> 2. <u>Investeringsprosjekta for 2018.</u> <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja: Flisene til Brunkeberg er under produksjon. Flislegginga på apsisen på Gamlekyrkja er godt i gang.</i> 3. <u>Investeringsprosjekta for 2019:</u> <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Brannvarsling og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje (Prosj. 19.1 og 19.b): Ferdigstilles innan ei veke.</i> b. <i>Renovering av blyglas i Kviteseid kyrkje (Prosj. 19.4): Halvor Nyland har tatt ut eit stort vindauge og er i gang med restaurering av det. Han tar til med nr 2 så snart som råd. Vi har budsjettert med to slike i 2019. Ferdig med eit i veke 40, setjast inn att i veke 41 samstundes med at glas nr 2 vert teke ut.</i> c. <i>Carport og HC/WC ved bårhuset i Kviteseid (Prosj. 19.5) Gravearbeid til carporten/tilbygget starta og vart ferdig i september. Det vart naudsynt med noko</i> 		

sprenging, men steinmassane kom vel med. Tilførselsvegar er ferdig og sokkel til ein vegg som skal murast er klar.

Restaurering av toaletta og ombygging til HC-WC startar vonleg i sept.

4. Zeljko Miskovic vart tilsett som fagarbeidar vikar i 50 % frå 1.9.19-31.8.20. Det var 7 søkjarar til stillinga. Søknad sendast.
5. Statens vegvesen har godkjent søknad om og har satt opp skilt til Gamlekyrkja på riksveg 41.
6. Kurs for nytt sokneråd vert 14. nov. på Granvin i Seljord arrangert av bispedømekontoret, og for nytt fellesråd (også for oss som er eitt-sokns kommune) 25. febr. i Seljord ved KA og bispedømekontoret.

Sak 63/19, FR

Rekneskapsrapport jan-august 2019

KS

Rekneskapsføraren i kommunen leverer etter planen rapport til møtet.

Handsaming under møtet: Kyrkjeverja orienterte.

- Avd. 110 -Kyrkjeleg administrasjon hadde pr. aug. eit overskot på kr 739.000, kr 68.000 betre enn budsjettet. Løns- og driftskostnadane er korrekte.
- Avd. 111 -Kyrkjer, hadde pr. aug. eit overskot på kr 1.155.000, kr 43.000 betre enn budsjettet. Løns- og driftskostnadane var 5-6% for høge i forh. til budsjett.
- Avd. 112 -Kyrkjegardar, hadde pr. aug. eit underskot på kr 362.000, kr 348.000 dårlegare enn budsjettet, men likevel venta. Det skuldast at festeavgiftene ikkje vert fakturert før i oktober. Høgare lønskostnadar skuldast sjukemelding og tilsett vikar. Desse kostnadane er refundert frå NAV.
- Avd. 113 -Andre kyrkjelege føremål, hadde pr. aug. eit overskot på kr 48.000, kr 63.000 betre enn budsjettet. Og her er høge lønskostnadar grunna refundert frå NAV.

Samla viser driftsrapporten eit underskot (overforbruk) på kr 372.331,66. Det er forventa eit samla underskot på om lag kr 100.000 for i år grunna færre festegraver å fakturera enn eit normalt år.

Forslag til VEDTAK:

Rekneskapsrapporten vart teken til vitende.

VEDTAK: Som føreslege.

Sak 64/19, SR

Kyrkjevalet 2019 Resultat og erfaringar

HB/ML

Desse vart valde:

Medlemmer		Født	Yrke/stilling	Bustad	Stemmer	
1	Marit Gotuholt	1966	adjunkt m/tillegg	Kviteseid	389	Attvald
2	Dagfinn Jone Køhn	1951	pensjonist	Kviteseid	378	
3	Unni Snaunes	1960	barne- og ungd.arbeidar	Vrådal	368	
4	Toralf Grave	1953	pensjonist	Kviteseid	367	
5	Anne Marit Sørby	1952	Rekneskapsmedarbeidar	Vrådal	357	
6	Gudrun Nordbø Venås	1970	Rekneskapsrådgjevar	Vrådal	357	
7	Sigrun Garvik Moen	1955	Adjunkt	Kviteseid	353	
8	Vidar Syrtveit Mikalsen	1968	Adjunkt	Kviteseid	352	Attvald
Varamedlemmer						
1	Vigdis Helene Bruhaug	1950	pensjonist	Morgedal	351	

2	Aud Turid Fjågesund	1962	assistent	Fjågesund	349	
3	Inge Waldenstrøm	1953	pensjonist	Kviteseid	348	
4	Eva Lisbeth Lier	1957	pensjonist	Ordal	336	
5	Jan Rune Bjørnson	1965	adjunkt	Kviteseid	327	

Soknerådet samtalar om dei erfaringar som vart gjort ved førebuing og gjennomføring av årets kyrkjeval.

Handsaming under møtet:

Fakta:

	Soknerådsvalet (SRV)	Bispedømevalet (BDV)
Valdeltaking	21 %	17%
Stemte (av desse på førehand)	321 (49)	266 (48)
		Bønalista 36 Nominasjonskomiteens liste 78 Åpen folkekirke 71
Talet på personar med stemmerett	1577	1573 (tilsette vel eigen representant)

Drøfting/erfaring:

Mange veljarar stilte spørsmål, særleg om bispedømerådslistene. Prostiet eller BDR kunne informert meir i media. Men listene har og eit eige ansvar for å informera / reklamere for sine kandidatar.

Vi kunne med fordel presentert SR-kandidatane på førehand, for eksempel i eit eige valnummer av Kyrkjebladet, ellewr i avisa. Vi burde og informert om kva SR arbeidar med..

Valstyret burde hatt møte på førehand for å samsnakkast og bli trygge på sine roller og gjennomføring av valet. Valfunksjonærane burde hatt opplæring på førehand (ikkje nok å sjå videoar åleine)

Det var dårlege lokalar i Brunkeberg, langt frå det politiske valet. Det vart difor låg deltaking der. Det same var til dels tilfelle i Vrådal. Vi må ha god dialog med det politiske valstyret i god tid. Det må vera fleire med på oppteljing enn berre valstyret.

Forslag til VEDTAK:

Erfaringane frå valet vert notert og oppbevart i perm til bruk i førebuing av neste kyrkjeval.

For å få med ein representant frå Fjågesund, vil dette rådet anbefale det nye rådet om å la både 1. og 2. vara møte fast.

VEDTAK: Som føreslege.

Sak 65/19, SR

Gudstenesteliste for 2020

ML

Kyrjekontoret ved sokneprest, organist og kyrkjeverje har utarbeida eit forslag til plan for dei forordna gudstenestene for 2020. Forslaget er bygd på brevet om forordning frå biskopen og innarbeida tradisjonar mellom anna.

Vedlegg: Forslag til Gudstenesteliste for 2020 kjem som ettersendt vedlegg før helga.

Forslag til VEDTAK i soknerådet: Soknerådet vedtek gudstenestelista slik ho føreligg for 2020.

VEDTAK: Soknerådet vedtek gudstenestelista for 2020 med små endringar.		
Sak 66/19, SR/FR	Evaluering av soknerådsperioden 2015-2019	HB
<p>Stikkord:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Felles sokneråd i kommunen • Saker soknerådet har handsama. Soknerådssaker/fellesrådssaker. • Saker som har vært prioritert • Arbeidsformer • Utval og komitéar • Møtefrekvens <p>Forslag til VEDTAK i soknerådet: Evalueringa vert nytta i oppstarten med nytt sokneråd.</p> <p>Evaluering: FR-saker har dominert sakspapirar og møtene. SR-saker har blitt lidande. SR foreslår at nokre møter i året vert utan FR-saker. Kanskje kan meir av FR-sakene handsamast i AU og berre kort referert i SR. Fleire saker må då delegerast til AU. SR burde lage ein plan, eit årshjul, med kva ein vil arbeide med og prioritere i perioden SR-møtene kan leggjast til grendene. Der kan dei ulike kyrkjelydsutvala delta og bringe fram saker frå deira område/kyrkje Dei ulike utvala kan godt presenterast ein gon i året eller to gonger i perioden for informasjon og betre kontakt (DSiakoniutvalet, trusopplæringsutvalet og kyrkjelydsutvala) SR eller medlemmene bør besøke kyrkjene for lettare å forstå saker som kjem frå den aktuelle plassen. Det er ein fordel om alle grender er representert i SR Innkalling og referat bør sendast til alle medlemmer OG varamedlemmer (på e-mail) i heile perioden for at dei som ikkje møter og skal vere orientert til ein kvar tid.</p>		
Sak 67/19, SR	Kyrkjelydsbasar 2019	HB
<p>Tid: 30. november kl. 9.30-13.30</p> <p><u>Aktuelle til komitéen:</u> Kirsti B. Skjæveland (er allereide i gang), Hans Kristian Aabø og Magnhild V. Kvalbein</p> <p><u>Desse kan vere med på dagen:</u> Møyfrid Lunde (dagen før), Reidun?</p> <p>Desse spørjast: Hanne, Inger Lise, Solveig Løfgren, Ingrid...</p> <p>Kven kan leie programmet? (gjerne ein frå SR)</p> <p><u>Erfaringar frå basaren 2018:</u> Talet og typen gevinstar vart drøfta. Det er ynskjeleg med meir nyttige gevinstar, meir miljømedvit, gjerne opplevingar. Men dette er litt vanskeleg å gjera noko med all den tid gevinstane vert gjevne av mange forskjellige. Loppemarkedet er bra for miljøet.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Desse vert spurt til komité: Komitéen følgjer opp programmet og tek med seg tilbakemeldingane frå 2018.</p> <p>VEDTAK:</p>		

Komit : Kirsti B. Skj veland (er allereide i gang), Hans Kristian Aab  og Magnhild V. Kvalbein
Komit en f lgjer opp programmet og tek med seg tilbakemeldingane fr  2018.

Sak 68/19 SR/FR

Eventuelt

HB

Som leiar takka H kon Birkeland alle for god deltaking og godt samarbeid i denne valperioden p 
4  r som n  er over.
Sokner det og friviljuge kyrkjelydsarbeidet og trusoppl ringsarbeidet er invitert til
medarbeidarfest torsdag 17. oktober.

Planlagde m ter i 2019 etter vedtak 63/18: 2. okt., og 20. nov. (fyrste m te for nytt sokner d. Avtroppande leiar
deltek under konstituering)

Oppl ringskurs for nytt sokner d ved bisped mekontoret 14.nov. p  Granvin/Seljord, og ved KA tysdag 25.
februar i Seljord.